

Forsterka straumforsyning til Neset og Holmen.

23.11.2016



Straumskåpet er montert ved pumpestasjonen og skulen.

Kvinnherad energi har starta arbeidet med auka og forsterka straumforsyninga til Neset og til Flatholm. Det meste av ledningen vert lagt i jordkabel. Kabelstrekket over Holmsund vil framleis gå i luft. Nokre stolpar i dårleg stand vert bytte ut med nye.



Dårlige stolpar vert bytte ut med nye. Bilete er frå arbeidet på Holmen.

Straumforsyninga til Holmen har til no gått i luft langs stranda frå hytta til Torbjørn og Egil Myklebust til ytterst på Neset. Det har vidare vore luftspenn over sundet med fordeling til hytter og hus på Holmen. Stolpane står delvis i evjo og på fjell, noko som til tider har vore usikkert. Kabelstrekking langs stranda vert fjerna og det vert lagt jordkabel frå det nye skåpet ved skulen, mellom innmarka og hyttene og fram til Holmsund. Det same vert gjort med jordkabel fram til tunet på Neset med fordeling til alle husa i område.

Kapasiteten på ledningsnettet vert auka frå 95 til 240 kvadrat, noko som fører til ei langt betre straumforsyning med høve til å kople på nye brukarar. Det vert lagt fiber i same traseen. Gravinga i sjølve hovudtraseen vert gjort med innleigd entreprenør. Arbeidet er rekna å ta frå to til tre veker.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal